

Fra: Ole-Rasmus.Owe@sd.dep.no [Ole-Rasmus.Owe@sd.dep.no]

Til: Monica Åsnes [Monica.Asnes@sfj.no]

Kopi: Arnfinn.Oen@sd.dep.no [Arnfinn.Oen@sd.dep.no]

Sendt: 25.10.2016 09:39:53

Emne: VS: Tildeling av midlar til utvida TT-ordning

Vedlegg:

Hei!

Me har forståing for grunngjevinga i dykkar søknad – at om kvar brukar skulle få 200 turar, ville beløpet ha blitt svært høgt, samstundes som den totale statlege potten var avgrensa. Fleire andre fylkeskommunar sende tilsvarande søknadar.

Utgangspunktet for fordelinga var for det første at ingen av brukarane som var med i TT-forsøket frå 2012 skulle miste det ekstra tilbodet. Dette gjorde at Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag og Østfold vart prioriterte. Det var vidare ein føresetnad for den utvida ordninga at kvar brukar skulle få tildelt 200 turar i året eller eit tilsvarande kronebeløp, jf. departementet sin invitasjon til å søkje, datert 28. april 2016. Ei dobling av talet på turar for kvar brukar, slik Sogn og Fjordane fylkeskommune søkte om, imøtekom ikkje dette kravet.

Vennleg helsing Ole Rasmus Owe, SD.

Fra: Monica Åsnes [<mailto:Monica.Asnes@sfj.no>]

Sendt: 18. oktober 2016 10:54

Til: Owe Ole Rasmus <Ole-Rasmus.Owe@sd.dep.no>

Kopi: aoe@sd.dep.no

Emne: Tildeling av midlar til utvida TT-ordning

Hei,

Vi var eit av fylka som ikkje fekk tildelt midlar til den utvida TT-ordninga. Denne informasjonen har vi gitt vidare til våre politikarar i hovudutval for samferdsle. Politikarane ynskde å få ei djupare grunngjeving av kvifor Sogn og Fjordane fylke ikkje fekk tildelt midlar.

Det skal vere nytt møte i hovudutval for samferdsle 25.oktober, det hadde vore fint å kunne gje ei tilbakemelding til politikarane på dette møtet.

Med helsing
Monica Åsnes
førstekonsulent, samferdsleavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Monica.Asnes@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95207751